

ÅRSMELDING OG STYRET SI MELDING FOR 2023

Selskapet si verksemd

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet, og skal ivareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvala for eigarane. Deltakarkommunane er Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Selskapet blei stifta 23.11.04 på bakgrunn av lovendring i kommunelova der det er krav om uavhengige sekretariat. Selskapet utførar sekretariatstenester som omfattar oppgåver for kontrollutvala som saksførebuing, utsending av sakspapir, protokollføring og iverksetjing av vedtak.

I 2023 har det vore 5 styremøte. Styret har handsama 27 saker, der 5 saker er sendt vidare til representantskapet med innstilling. Dagleg leiar slutta i selskapet i januar for å bli pensjonist. Seniorrådgjevar tok over som dagleg leiar og ny rådgjevar begynte i midten av januar. Begge stillingane var lyst ut og tilsett i løpet av hausten 2022.

Representantskapsmøtet blei gjennomført i april, som fysisk møte. Leiar av representantskapet Trine Meling Stokland leia møtet.

Kontoret til selskapet ligg i Tysvær rådhus. Rekneskapsføringa, lønn og årsoppgjer blir utført av Addera SA.

Året 2023 har vore prega av normal drift. Sekretariatet har gjennomført totalt 43 kontrollutvalsmøte og saksførebudd mange saker til kvar kommune. Møta i kontrollutvala blir haldne på rådhusa i den enkelte kommune.

Framhald av drift

Kommunelova krev at kontrollutvalsekretariata skal vere sjølvstendige, dvs. ikkje vere underlagt kommunedirektør. Verksemda er difor basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i avtale frå 2004.

Det er inga indikasjonar som skulle seie at lovgrunnlaget for selskapet skal falle bort.

Selskapet har hatt stabilitet i arbeidsstokk og eigenkapitalen er nokså god. Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

Resultat og utvikling

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapen for 2023 viser ein omsetnad/budsjett på kr 2 393 000. Rekneskapen viser i år eit meirforbruk på kr. 46 162. Meirforbruket skyldast i hovudsak auka pensjonskostander.

Styret gjer framlegg om at underskotet vert dekkja inn av eigenkapitalen. IKS'et er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det har difor vore viktig å ha reservar tilgjengeleg. Ved å sette av midlar er selskapet blitt meir robust i sin daglege drift, samstundes som selskapet har blitt meir likvid.

Selskapet har i 2023 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

Arbeidsmiljø

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråveret er rekna til 0,5 %. Det har ikkje vore nokon skadar eller ulykker. Selskapet har fokus på forhold knytt til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Likestilling

Selskapet har to tilsette, der begge er menn. Styret i selskapet er sett saman av to kvinner og ein mann. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som forureinar utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg om lag midt i selskapet sitt virkeområde.

Avslutning


Som sekretariat for kontrollutvala er selskapet avhengig av eit nært og godt samarbeid med kommunestyra v/ordførar og administrasjonen i kommunane og revisjonsselskapet. Styret og dagleg leiar vil takka for samarbeidet som har vore i året som har gått.

Aksdal, 20.03.24


Siv Bente Stople Østbø
Styreleiar


Ernst Morgan Endresen
Nestleiar


Astri Furumo
Styremedlem


Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar